



KOPI

Inger-Johanne Kolstad Isdal
Alvervegen 55
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1489 - 19/29848

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
08.10.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/326 Alver

Vi viser til skriv av 10.09.2019, der det gis frist innan 02.10.2019 til å sende inn tilleggsdokumentasjon:

1. Avtale om rett til å gå over gbnr 137/351 med eigar Lindås kommune.
2. Naboerklæring frå gbnr 137/351 med eigar Lindås kommune for plassering av tiltak nærare enn 1 meter frå nabogrensa, sjå vedlagte skjema.
3. Dersom kommunal grunn skal nyttast i byggeperioden for å frakte materialar mv., så må det ligge føre skriftleg stadfesting på dette.

I etterfølgjande telefonsamtale vert det frå dykk framheva at det er ønskeleg å parkere i nærleiken av naustet.

Tilleggsdokumentasjon er ikkje mottatt innan fristen.

I skriv av 02.10.2019 og etterfølgjande telefonsamtale, så bad vi dykk om å kontakte eigedomsavdelinga direkte. Kopi av dykkar førespurnad til eigedomsavdelinga v/Line Merete Valle, er lagt på saka. Det bes om ein tilbakemelding om det er ein dialog med eigedomsavdelinga i høve søknad.

Dersom dere ikkje er i dialog med eigedomsavdelinga, så skal følgjande kontaktinformasjon til eigedomsavdelinga nyttast:

Kontakt eigedom

Kva kan vi hjelpe deg med?

Eigedomseininga forvaltar og driftar alle kommunale bygg og eigedomar.

Vi svarar på generelle spørsmål om, til dømes:



- felling av tre
- rydding av kratt
- melding om hærverk
- leige av kommunale bygg
- løyve til bruk av kommunale område
- med meir

Slik tar du kontakt

Send ein e-post til eigedom@lindas.kommune.no.

Vi svarar på alle spørsmål innan 10 dagar.

Har du allereie kontakt med oss?

Dersom du allereie har ei sak hos oss, må du ringe sakshandsamar eller bruke e-postadressa postmottak@lindas.kommune.no.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 28.10.2019**. Ytterligare fristforlenging kan ikkje påreknast. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden. Dere kan også trekke søknaden og kome tilbake til oss med ny søknad når tiltaket er avklart med eigedomsavdelinga.

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inger-Johanne Kolstad Isdal Alvervegen 55 5911 ALVERSUND

Mottakrar:

Atle Isdal Alvervegen 55 5911 ALVERSUND

Inger-Johanne Kolstad Isdal Alvervegen 55 5911 ALVERSUND

KOPPI